



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/121891-2

Dykkar referanse:
17/2191 – 17/21841

Vår dato:
30.08.2017

Merknad til framlegg til mindre reguleringsendring for Sundeheim – gnr. 137 bnr. 120 m.fl. – planID 1263-201103 – Lindås kommune

Vi viser til motteke framlegg til reguleringsendring for Sundeheim – gnr. 137 bnr. 120 m.fl., motteke 04.08.2017. Det er gjort framlegg til endringar både i plankartet og i føresegnene, men tal på bueiningar er uendra.

Endringar i plankartet

I plankartet er bustadfelta f_BK01–f_BK04 utvida og omrissa av planlagde bygningar er fjerna, for å kunne byggje større bustader. I tillegg er gangveg f_G04 dels fjerna langs f_BK05, for å kunne gi handlingsrom til andre løysingar for gangveg og plassering av bygg.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til dei føreslegne endringane i plankartet, men oppmodar kommunen til å syte for god trafikktryggleik for mjuke trafikantar når dei vurderer byggjeteikningar for områda. Dette gjeld spesielt der gangveg f_G04 er fjerna frå plankartet.

Endringar i føresegnene

Det er gjort framlegg om ei rekke endringar i rekkefølgjekrava i reguleringsplanen, for å leggje til rette for ei trinnvis utbygging av området. Statens vegvesen vil ikkje motsetje seg dette, men vi ser at framlegg til føresegner inneheld nokre manglar for å sikre at tilhøyrande veg- og fortausareal vert utbygd til rett tid. Dette kan til ein stor grad løysast ved at ein lagar krav om kva rekkefølge bustadområda skal byggast ut etter. Alternativt må ein utvide rekkefølgjekrava i føresegn §2.3.2, §2.3.3, §2.3.6 og §2.3.7 slik at ein sikrar at heile vegen, gangvegen og fortauet inn til kvart byggjeområde skal vere bygd før det vert gjeve bruksløyve for området.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Når det gjeld gangveg f_G07 har ein i føresegn §2.6.3 fjerna krav til universell utforming, og lagt inn i §4.3.7 at det kan etablerast trapp ved behov. Statens vegvesen visar til at fortauet rundt er ei vesentleg omveg, og oppmodar til å legge til rette for ei trinnfri gangveg slik at t.d. vaksne med barnevogner og syklende born kan ta seg fram mellom dei ulike byggeområda. Vi ber difor om at ein fjernar siste setning i §4.3.7, og at §2.6.3 endrast til «For gangveg f_G07 blir det ikkje krav om universell utforming, men gangvegen skal vere trinnfri og med rekkverk.»

Ut over dette har vi ingen vesentlege merknader til framlegg til reguleringsendring.

Statens vegvesen Region vest
Plan og forvaltning
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN